



eHjerteRehab

Julebrev eHjerteRehab – 2025

"Visjonen til eHjerteRehab er å gjere hjarterehabilitering tilgjengeleg for alle."

Få nyhetsbrevet

rett i innboksen!

Abonner her!



Det nærmar seg jul og det er tid for ei julehelsing på tampen av ein travel haust for prosjektet. Me ønskjer å takke for det gode samarbeidet me har hatt i år, og ser fram til eit spanande 2026!



Året som har gått har vore innhaldsrikt. På våren var det stor aktivitet med testing av programmet og rekruttering til kontrollgruppene. I juli starta me rekruttering av deltakarar til intervensjonsdelen i utprøvningsstudien. Hausten har vore ein spanande fase av prosjektet, kor heile programmet har vore i utprøving, og dei fleste deltakarane har no gjennomført 12 veker med digital hjarterehabilitering. Me gler oss til å dele resultata etter kvart!



@ProcardForskningsgruppe



@ProcardResearchGroup



@ProcardResearchGroup



@ProcardResearch



@eCardiacRehab

Klikk meg!

Kva har skjedd sidan sist?



Det årlege Stormøtet vårt i Bikuben konferansesenter vart arrangert 4. desember. Denne dagen kan du lese meir om her!

[Stormøte for eHjerteRehab 2025: Framtidas helseteneste er her](#)

[Fleire bilder her!](#)



[Les om NSF 2025 her!](#)

[Fleire bilder her!](#)



Over 1000 personar var på plass på den årlege Sykepleiekongressen (NSF) i Bergen og Griegshallen 26.-27. november. Det var to innhaldsrike og gode dagar kor Kristin Rykkje-Johannessen, Anniken J Kjølseth, Hanne Flagtvedt, Kristin J Ramstad og Hege Andersen frå prosjektet deltok med postere.



Høgskulen på Vestlandet arrangerte Forskingskonferanse for Fakultet for helse- og sosialvitskap 3. desember og prosjektet var godt representerte med munnlege presentasjonar av Leonora O Bergsjø, Kristin J Ramstad, Hege Andersen og Oda Karin Nordfonn.

[Meir info om møtet her](#)

[Fleire bilder her!](#)



[Et fantastisk juleseminar!](#)



Vår eigen Hanne Flagtvedt presenterte sitt arbeid på Senter for forskning på kvinner og hjertesykdom (UIB) sitt juleseminar måndag 8. desember.

